



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Utviklingsutvalet		

**Revisjon av konsesjonsvilkår for Sundsbarm kraftverk - høring
revisjonsdokument**

Vedlegg:

- 1 Høring - Revisjonsdokument for Seljord- og Sundsbarmreguleringane

Saksdokument:

Kommunestyresak 13/036.

Saksutgreiing:

NVE har i brev av 24.sept 2015 vedteke at konsesjonsvilkåra for Sundsbarmreguleringane skal reviderast. Som del av dette arbeidet fekk då Sundsbarm kraftverk i oppdrag av NVE å utarbeide eit såkalla revisjonsdokument. Det var kommunane Tokke, Seljord og Kviteseid som i 2013 kravde vilkårsrevisjon for Sundsbarm kraftanlegg.

Føremålet med vilkårsrevisjonar er å vurdere om reguleringa har medført skader og ulemper som ikkje var venta då konsesjonen vart gjeven – og å justere konsesjonsvilkåra til dagens miljøstandard. Dette inneber mellom anna at det innførast såkalla standardvilkår i dei nye konsesjonsvilkåra, noko som gjev styresmaktene heimel for å pålegge regulanten avbøtande tiltak også mellom revisjonsintervalla på 30 år. Då Sundsbarm kraftverk fekk konsesjon i 1963 var revisjonsintervallet 50 år, slik at Sundsbarmkonsesjonen tidlegast kunne reviderast i 2013.

For Seljord kommune var det av interesse å få med Seljordsvatnet i vurderinga. Her er Bø kommune regulant (Oterholtfossen kraftverk). Men då Seljordsvatnet ikkje har noka praktisk å sei for Tokke så tek eg ikkje med reguleringskonsesjonen for Seljordsvatnet i denne saka.

Sundsbarm kraftverk har no lagt fram eit revisjonsdokument som NVE har kvalitetssikra og sendt på høring – sjå vedlegg. Revisjonsdokumentet skildrar kraftanlegget, vassdraget, konsesjonsvilkåra og korleis regulanten oppfattar erfarte skader og ulemper.

Det er Seljord og Kviteseid som er hardest råka av reguleringa. For Seljord sin del har Sundsbarmvatnet ei stor reguleringshøgde, og det er fleire meir eller mindre tørrlagde elvestrekningar. Seljordsvatnet har også stor aure, og gytetilhøva for denne fisken i Vallaråi opp til Lakshylfossen er viktig for Seljord. For Kviteseid er nok attgroing i Morgedal det problem som har hatt størst merksemd.

I Tokke er det Ofteåi som er regulert ved ein dam i utløpet av Hovdevatn og overføring til Ljosdalsvatn. Dette inneber mindre vassgjennomstrøyming i Oftevatn og vassføring i Dalaåi.

Dammen i Hovdevatn har også ein flaumdempingsfunksjon som er viktig for Høydalsmo.

Det er krav om minstevassføring i Ofteåi på 40 l/s heile året målt i Høydalsmo ved bru/E134, dvs at rest-tilsaget mellom dam Hovdevatn og målepunktet bidreg til vassmengda i Høydalsmo sentrum. Berre når resttilsaget er mindre enn kravet må det tappast frå Hovdevatn.

Ljosdalsvatn er eit reguleringsmagasin med ein kapasitet på 9,5 millionar m², og 5 m reguleringshøgde.

I tillegg er det eit par bekkeinntak (1) Haukombekken som renn gjennom Kvålsgrend og ut i Dalaåi ved gamle Kvål skule, og (2) Inntak Kvernvatnet som reduserar vassmengda i bekken som renn under brua før Mostøyltunellen.

Tokke kommune sine innspel når krav om vilkårsrevisjon vart fremja er:

1. Målepunkt for minstevassføring i Ofteåi på 40 l/s vert flytt frå Høydalsmo sentrum til dam Hovdevatn.
2. At effektive mottiltak mot attgroing i Oftevatn vert vurdert og ev sett i verk.

Det er ikkje fremja økonomiske krav i samband med denne revisjonen anna enn eit miljøfond som fordelast på kommunane til fremje av fiske, miljø og friluftsliv. I tillegg har kommunane hatt nokre utgifter i samband med revisjonen som ein vil søkje refundert. Høyringsdokumentet har vore lagt ut på kommunehuset og biblioteket i Høydalsmo.

Vurderingar

Sidan krav om opning av revisjonssak vart fremja i 2013 har det vore jobba mykje med vassforvaltning i Noreg gjennom forvaltningsplanane i medhald av vassforskrifta. Desse planane vart godkjent av Miljødepartementet i juni 2016, og for Hovdevatn/Ljosdalsvatn og Ofteåi er: 'fungerande akvatisk økosystem' sett som miljømål.

I arbeidet med forvaltningsplanen har kunnskapsgrunnlaget auka på fleire område og det har vorte klarare kva for betringar i vassmiljøet ein skal søkje å oppnå gjennom vilkårsrevisjonar. Ordninga med revisjon av vilkåra for reguleringskonsesjonar er det viktigaste verktøyet for å oppnå miljøforbetringar i regulerte vassdrag.

Attgroing av vatn er ein naturleg prosess – det er slik myrar vert til. Prosessen gjeng truleg fortare når det vert tilført meir næringsstoff til vatnet og når vassgjennomstrøyming og flaumar minkar. På den annan side vert vatnet tilført mindre mengder partikkelmasse når vassføringa minkar – noko som inneber at det tek lenger tid før vatnet fylles opp av dei massene som regnvatn og elvar grev ut og legg att i vatnet. Det er sakshandsamar si vurdering at førebels er det lite å gjera med attgroing anna enn å mudre, men attgroing er ei utfordring mange stader så i framtida kan det koma fram metodar som kan betre situasjonen. Mudring er eit kostbart tiltak som nok

berre kan gjennomførast i særlege høve. Med kravet om miljøfond tenkjer ein særleg på problematikken med attgroing.

I Høydalsmo sentrum er det laga tersklar i Ofteåi for å etablere vasspeglar på lita vassføring. Desse tersklane er støypte og – vil nok nokon meine - mindre fine å sjå på. I dag lagar ein tersklar på meir naturleg vis ved å nytte naturleg stein og masser. Samstundes kan slike meir naturlege tersklar gjere det lettare for fisk å vandre forbi, og det bør såleis undersøkjast nærare om desse tersklane fungerer som vandringshinder.

Rådmannen si tilråding:

Tokke kommune syner til innsendte krav om opning av revisjon av konsesjonsvilkår for Sundsbarmreguleringane og revisjonsdokument på høyring – NVE dok 201306917-11. Tokke kommune er samd med revisjonsdokumentet i at det er få skader og ulemper som fylgje av reguleringa som ikkje vart lagt til grunn på konsesjonstidspunktet (1963), men legg til grunn at standardvilkår vert innført slik at styresmaktene har heimel for å påleggje avbøtande tiltak for ev nye skader og ulemper som måtte vise seg.

Kommunen vil i tillegg peike på at føremålet med ein vilkårsrevisjon er meir enn å vurdere om dei erfarte skadane og ulempene samsvarer med kva som vart vurdert som venteleg på 60-talet. Ein vilkårsrevisjon skal ha som mål å justere opp konsesjonsvilkåra til dagens miljøstandard – mellom anna uttrykt i forvaltningsplanane som er utarbeida i medhald av vassforskrifta. Her er målet for denne vassforekomsten uttrykt som: 'eit fungerande akvatisk økosystem'.

I høve til dette målet vil Tokke kommune peike på den minimale minstevassføring i Ofteåi (fast 40 l/s heile året), og dei tersklar som er bygd i Høydalsmo sentrum for å betre utsjånaden til ei elv med slik minimal vassføring. Konsesjonæren må få pålegg om å få gjennomført ei uavhengig naturfagleg studie av minstevassføringa i Ofteåi og dei etablerte tersklar sett opp i mot målet i forvaltningsplanen om eit fungerande akvatisk økosystem.

Særleg må minstevassføringskravet og om (betong)tersklane hindrar fiskevandring vurderast nøye.

Vert tilrådinga i ei slik studie at minstevassføringa bør endrast – til dømes til meir miljøbasert vassføring, og at tersklane bør byggast om for å lette fiskevandring, så må konsesjonæren få nye endra konsesjonsvilkår og pålegg som sikrar at dette vert gjennomført.

Konsesjonæren må påleggast å betale ein sum til eit miljøfond til fremje av fiske, miljø og friluftsliv knytt til vassdraget, samt dekke kommunane sine utgifter til gjennomføring av denne revisjonssaka i tråd med praksis for vilkårsrevisjonar.

Vedtak

Rådmannens tilråding samrøystes vedteke.